

Alver kommune Plan og byggesak  
Are Frøysland Grande  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 7cdeeac5-5020-4cf9-a6c4-cf0d2364184f  
Vår: 21/152 - 21/7045

Saksbehandlar:

Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

01.02.2021

## **Uttale frå landbruksavdelinga til ny fjøs- gbnr 353/1 Bratshaug**

Tiltak: driftsbygning

Byggjestad: Gbnr: 353/1

Tiltakshavar: Rune Nilsen

Ansvarleg søker: Bratshaug Høylandsfe Rune Nilsen

Saka gjeld søknad om ny driftsbygning plassert om lag 10 meter frå elvekant for Bratshaug elva. Søkjar har søkt om dispensasjon for avstand til vassdraget og grunngjevnad legg i hovudsak vekt på at bygget er plassert der av driftsmessige årsaker.


Rune Nilsen driv med ammeku av rasen høylandsfe på Bratshaug og Kårbo. Han er i prosess med å ta over gardsbruket GBNR 353/1 frå mor si, og ynskjer å satsa endå meir på husdyrproduksjonen. Han har avtale med slakteri på Voss om slakting, og kjøttet vert partert/pakka og seld direkte frå garden (rekoringen) under merkevara Bratshaug Høylandsfe. Det er søkt innovasjon Norge om tilskot til bygging av driftsbygning. Dei tek ikkje saka til handsaming før byggesaka er avklart. Det hastar difor med svar.

Dei siste åra har Rune Nilsen og familien lagt ned ein stor jobb med å rydda og gjerda inn store utmarksområder til høylandsfea. Dyra vert tilleggsfora om vinteren og var viktig å ha ein god foringsplass som ikkje låg for langt frå forlager i tunet og som ein kunne nå med traktor. Klimaendringar medfører at tilkomst og drift utfordrande på mange jordbruksareal, og han har følgt råd frå landbrukskontoret om å laga steinsette vegar til beite og foringsplass.

Plassering av bygg har vore diskutert med landbrukskontoret fleire gonger, og det er omsynet til drifta som gjer at han no har valgt å plassera bygget her der ein allereie har viktig infrastruktur som vegar og beite. Dyra skal framleis gå i utegangardrift og då må nødvendigvis bygget ligga i beiteområdet. Som gardskart viser er bygningen plassert midt i eit stort samanhengande beiteområde med både innmark og utmark. Samstundes må det ikkje vera for lang avstand til driftssenter med omsyn til tilkjøring av for, tilsyn og anna. Det å kunna fora dyra inne i dei verste vintermånadane vil vera positivt både for auka dyrevelferd

og for trakkskader og avrenning frå beiteareala. Likeeins vil oppfølging og stell av sjuke dyr verta enklare. Landbruksavdelinga meiner det ei fornuftig plassering ut frå omsynet til drifta.

Landbruksavdelinga vil støtta søkjar i høve til flaumvassvurdering. Terrengmodell under syner det som søkjar skriv at sjølv om det skulle verta ein 200 års flaum vil det vera god plass til vatnet fordi det er god bredde på begge sider av elva som kan ta under flaum. Det skal veldig mykje til for at elva skal stiga opp til høgda som bygget er plassert på. I tillegg er det myrområder både nedstraums og oppstraums på begge sider av elva, desse har stor vasskapasitet og fordrøyningseffekt.



Landbruksavdelinga vil peika på at næringa har store problem knytt til rekruttering. Av dei 2200 landbrukseigedomane i Alver er berre rundt 450 i drift av eigar. Sjølvforsyningssgraden i landet vårt på storfekjøtt er synkande, og i desse dagar må me impotera kjøtt frå Tyskland. Det er difor svært positivt at Rune Nilsen vil satsa på landbruksdrift basert på stadeigne ressursar. Landbruksavdelinga vil rå til at det vert gitt byggjeløyve som omsøkt.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG